



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Trude Knutzen Knagenhjelm
Telefon: 57643094
E-post: fmsftkn@fylkesmannen.no

Vår dato
07.04.2016
Dykkar dato
14.03.2016

Vår referanse
2016/1111 - 451.1
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyringsfråsegn - forskrift om tilskudd til tiltak i utvalgte kulturlandskap og verdensarvområder

Vi viser til brev av 14.03.2016 om høyring av Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområder, med høyringsfrist 12. april.

Med utgangspunkt i høyringsnotatet og framlegget til forskrift ønskjer vi å formidle nokre synspunkt som vi håper departementet vil ta omsyn til i den vidare handsaminga av forskrifta.

Innleiingsvis vil Fylkesmannen peike på at gjeldande ordning for verdsarvområda, som har fungert sidan 2008, har fungert godt og målretta. Ordninga har vore lite arbeidskrevjande og byråkratisk både for brukarane og for forvaltninga. Vi ser elles positivt på at ordninga opnar for fleire brukarar og for eit vidt spekter av tiltak, noko som vil sikre fleksibilitet i bruk av midlane, innanfor rammene av føremålet med ordninga.

Vi merker oss at det i § 1 vert skilt tydeleg mellom føremålet med tilskot til verdsarvområda og dei utvalde kulturlandskapa, og stiller spørsmål til kvifor Klima- og miljødepartementet sine midlar til verdsarvområda ikkje skal vere omfatta av forskrifta. Dette vil kunne medføre tungvindt forvaltning og skapar uvisse om framtidsutsiktene for tildeling av midlar til verdsarvområda frå KLD sitt budsjett.

I § 2 om virkeområde vert det lagt opp til at forskrifta skal gjelde områda slik dei er avgrensa i Naturbase. Medan dei utvalde kulturlandskapa ligg til godkjenning for innlegging i Naturbase hos Miljødirektoratet, gjer vi merksam på det ikkje er oppretta eige temalag for verdsarvområda. Vi kjenner heller ikkje til at det er planer om å leggje verdsarvområda inn i Naturbasen. Forskrifta må såleis ta omsyn til dette. Avgrensinga bør vere grensene for verdsarvområda slik dei er definert av UNESCO.

For fleire av fylka, deriblant Sogn og Fjordane, vil § 5 om krav til søknad medføre ei endring i forvaltningsopplegget for både verdsarvordninga og dei utvalde kulturlandskapa. Der vi til no har basert utbetlinga av midlar på langsiktige avtaler, kontroll av utførte tiltak, og for verdsarvområda tal frå søknad om produksjonstilskot og RMP, vil brukarane no bli stilt ovanfor eit krav om å søkje på ordningane. Vi er opptekne av at denne endringa ikkje må bli meir byråkratisk og vanskelegare for brukarane, og at dette ikkje må bli oppfatta som ei svekking av målet om langsiktig og heilskapleg forvaltning. Vi håper såleis at det vil bli lagt opp til å skilje mellom eingongstiltak og årleg skjøtsel, som pr. no danner eit stabilt fundament for at ordningane fungerer godt, både for brukarane og for forvaltninga.

Fylkesmannen meiner at den eksisterande ordninga der den årvisse skjøtselen av areal og tilskot til beitedyr i verdsarvområda blir stadfesta gjennom søknad om produksjonstilskot/regionalt miljøprogram bør halde fram i staden for å innføre ei forvaltingsendring som dette. Likeeins bør rutinane for utbetaling av tilskot for utført skjøtsel av areal og dyretal i dei utvalde kulturlandskapa vere basert på stadfesting frå brukar til Fylkesmannen etter avslutta sesong. Alternativt bør det utviklast ei meir framtidretta løysing for integrering av søknadar på ulike tilskotsmidlar. Vi etterspør og ei framtidretta løysing for utarbeiding av søknadsskjema, og er usikre på om det er tenleg å utarbeide skjema regionalt, slik det vert lagt opp til etter den nye forskrifta.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Trude Knutzen Knagenhjelm
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.